TIDSSKRIFT

FOR

Teologi og Kirke

REDIGERT AV

D. A. FRØVIG · OLAF MOE · ANDR. SEIERSTAD
Dr. theol. Dr. theol. Dr. theol.

UNDER MEDVIRKNING AV

Professorene O. HALLESBY. CHR. IHLEN, O. KOLSRUD, S. ODLAND, og KARL VOLD, hovedlærer G. SKAGESTAD, dr. theol. ALFRED TH. JØRGENSEN, (Kjøbenhavn), biskop JÓN HELGASON (Reykjavik) og lic. theol. V. SÖDERGREN (Upsala) og prestene TH. GUNNARSON, REIDAR HAUGE, SV. NORBORG, SIGURD NORMANN, R. SLÅTTELID, J. SMEMO og IVAR WELLE m. fl.

INNHOLD:

DEN GAMALTESTAMENTLEGE GRANSKING AV IDAG OG VÅRT BRUK AV G. T. SOM GUDS ORD. Av pastor Ivar P. Seierstad. S. 65.

RELIGIONEN OG SKOLEN. Av sogneprest G. Skagestad. S. 82.

LITTERATUR: Meidt av prof. dr. O. Hallesby, s. 90, prof. dr. Chr. Ihlen, s. 98, pastor Reidar Hauge, s. 103, prof. dr. Olaf Moe, s. 106.

NYTT LYS OVER DEN DANSK-NORSKE ORTODOKSIS TID. Ved O. M.

. hefte 1932 3. årgang

)slo. I kommisjon hos Lutherstiftelsens Bokhandel

DEN GAMALTESTAMENTLEGE GRANSKING AV IDAG OG VÅRT BRUK AV G. T. SOM GUDS ORD

Av pastor Ivar P. Seierstad.

Kristenlyden har alle dagar grunna sitt indre liv og si ytre verksemd på Guds ord, slik som det møter oss i dei historiske vitnemål om Guds sjølvopenberring i den gamle og den nye pakt. Det gamle testamente høyrer organisk saman med bodskapen åt Jesus og apostlane, sosant det er den same Gud som har tala gjenom profetane og gjenom Sonen. Vissa um at det er so, har kristenlyden frå Jesus Kristus sjølv. Han møtte i dei heilage skrifter den same Gud som han hadde beinveges livssamband med. Og han nytta desse skriftene til å føre disiplane fram til forståing av det djupaste i hans eige frelsarverk. Difor har kristenlyden frå fyrste stund av bruka Det gamle testamente til si vekst og opbyggjing som kyrkje, som Herrens lekam.

Det høyrde i den fyrste tida serleg til lære-tenesta å bera fram det gamaltestamentlege openberringsord til opbyggjing av kyrkjelyden.[1]) Kyrkja si eldste soga vitnar um at dette vart gjort i rik mun. Dei mange brigde i tilhøva i seinare kyrkjetider har ført til at denne tenesta er vorti delt upp i ei rad spesialfunksjonar. Den fyrste og grunnleggjande av desse er då no den gamaltestamentlege teologien.

Korleis maktar so denne funksjonen idag å løyse si eigentlege og siste uppgåve, maktar han å gjera det gamaltestamentlege openberringsvitnemål *tilgjengeleg* for dei som er sette til å bera fram

[1]) Cfr. Harnack: Dogmengeschichte[4] 1909, I, 194 ff.

eit sakramentalt Guds ord for kyrkjelyden? Kan den gamaltestamentlege teologien idag gjeva oss hjelp til ei fyldig og fullverdig nytting av det som Gud har gjeve kyrkjelyden sin i Det gamle testamente — sviktar teologien her, eller legg han jamvel hindringar i vegen for ei sovori praktisk kristeleg og kyrkjeleg utnytting?

Den epokegjerande granskinga åt Wellhausen og skulen hans kom ikkje til å tena kyrkja sitt bruk av G. T. som Guds ord — iminsto ikkje positivt og direkte. Den levande, arbeidande kyrkjelyden kjende heller dette granskararbeidet som eit åtak og ein fåre. Og det var ikkje berre avdi resultata av denne granskinga umogeleg let seg sameine med den mekaniske inspirasjonsteorien som hang att frå ortodoksien si tid. Den djupaste grunnen var den at Wellhausen sitt arbeid var bore av eit filosofisk grunnsyn som den Kristus-truande kyrkjelyden instinktivt kjende ikkje let seg sameine med den bibelske openberring etter hennar innarste grunnhått. Wellhausen og åndsbrørne hans var yvertydde um at dei med sine historisk-kritiske granskingar kunde nå fram til den guddomlege sanning i skriftene; på reint rasjonal-vitenskapeleg veg skulde det lata seg gjera å slå fast kva som var eviggjeldande verde og kva som ikkje var det.

Me har her for oss den filosofisk-teologiske synsmåten som ikkje kjenner noka historisk openberring, men trur å kunne finne den evige sanning i fornuft-bindande umgrip og idear. Det er då heller ikkje openberringshistorie Wellhausen vil gjeva, men idé-historie. Og han sannar at han har lært det meste og beste av Wilhelm Vatke,[1]) som var hegelianar.

Denne stemneleid i granskinga var difor ikkje i stand til å gjera kyrkja den tenesta ho har rett til å vente av ei teologisk arbeidsgrein. I den kristeleg-kyrkjelege praksis spørst det ikkje om evige idear og fornuftbindande umgrip, men um eit openberra, objektivt Guds ord. Den Kristus-truande kyrkjelyden kunde ikkje få noko sameige med dette granskingsarbeide med umsyn til den åndelege «Gehalt» i det. Men det kunde talande nok den emansiperte vesteuropeiske jødedom. Jødane freistar her halda fast på sine heilage skrifter og forsvarar dei mot åtak med di dei som Wellhausen tyder profetane sin etiske monoteisme i den etiske

[1]) Prolegomena zur Geschichte Israels[3], 1886, s. 14.

idealisma si ånd. Jahwe er «Gott der sittlichen Vernunft». Han er ikkje ein oververdsleg realitet, men ein idé. Guddomen er identisk med det gode som prinsipp.[1])

Den religionshistoriske skulen med Hermann Gunkel i brodden, representerar eit munaleg framsteg i verkeleg historisk og me kan vel og segja religiøs forståing, samanlikna med Wellhausenianisma. Med umsyn til utspringet åt denne nye arbeidsstemna har Gunkel sjølv ved ymse høve halde fram at det ikkje var interessa for den ålmenne religionsvitenskapen som dreiv dei unge granskarane, men ynskjet om å vinne ei djupare og rikare forståing av den *bibelske* religionen. Men det meinte dei berre kunde lukkast når ein la øyra åt og lydde etter religionen sitt liv i historia. Det var ei indreteologisk rørsle, segjar han. Slagordet var: «Heraus aus den Schranken des Kanons und des christlichen Dogmas über die Bibel!»[2]) Han har nok rett i det at denne nyorientering ikkje so mykje galt stoda til Det gamle testamente som til Det nye.[3])

Me møter hjå desse granskarane den prinsipielle frigjering frå bibelordet som er den vanlege i den etter-Ritschlske teologi. Ein freistar gjenom historisk-psykologisk tolking og personleg kongenial forståing å gripe «det eigentleg religiøse», «det evige» i dei bibelske kjeldeskrifter og skilja det ut frå det som berre har tidshistorisk verd. Den religiøse røyndom som møter oss i G. T., vert forklåra einsidig subjektivt-psykologisk, ikkje openberrings-historisk som frukta av ein verkeleg kontakt millom den levande Gud og dei menneskelege reidskapar han valde seg. Det er ikkje ein transcendent gudsrøyndom som openberrar seg, men ein gudstanke som stig upp og faldar seg ut frå hjartedjupet hjå mennesket. «Openberringa» gjeng fyre seg gjenom religionane sin immanente framvokster. Den bibelske religionen er blomen og kruna på andsvoksteren. Og attum religionane står sjølvsagt til sist Gud, soleis som han til sjuande og sist står attum alt det som er og hender

---

[1]) Frå flaumen av jødisk-apologetiske skrifter med dette grunnsyn skal her berre nemnast *Benzion Kellermann:* Der ethische Monotheismus u. seine soziologische Würdigung. Berlin 1917. Frå den nyare jødiske religionsfilosofi er serleg å nemne nykantianaren *Herman Cohen:* Die Religion der Vernunft aus den Quellen des Judentums 1919. [2]) Gunkel: Die Richtungen der altt. Forschung, Christliche Welt 1922, p. 64 ff. Metoden og heilskapssynet hjå denne arbeidsstemna har Gunkel gjeve ei klår utgreiding um i Deutsche Literaturzeitung 1904, p. 1100 ff. [3]) Christl. Welt l. c.

i verda. Den gamaltestamentlege religionen vart berre ein bårerygg på det vide hav som heiter religionane — sjølv skapt av tusund av bylgjeslag, og etla til å gjeva støyten til enno høgare toppar.

Det frie utsyn over det rike, skiftande liv i soga — med dei mange straumdrag som snart krossa kvarandre, snart flaut saman i eitt, medan stendig nye vidder opna seg for granskinga, kunde nok gjeva dei unge vitskapsmennene eldhug. Og deira produksjon høvde utifrå til å verta popularisera for den store ålmenta.

Men motstriden millom denne relativiserande og psykologiserande *menneskjeleg-gjering* av openberringsordet og den truande kyrkjelyden si praktiske verdsetjing og bruk av det same ord, vart etter kvart kjend meir og meir utåleleg. Dei teologiske forkynnarane kom i naud. Det synte seg at den religiøse livstrong hjå menneskesjelene ikkje kunde stettast med dei relative og immanente verdiar som denne gransking peikte på og opna vegen til. I forkynning og sjelerøkt trengst det ein bodskap frå Gud sjølv, som menneskja kan byggja på i liv og i døying. Mange av dei unge prestane som i studietida vart førde inn i den moderne historisk-psykologiske synsmåten, kom til å stå heilt rådville med Det gamle testamente. Sjølv fekk dei ikkje noko ut av det til si eiga uppbyggjing og dei kjende seg difor heller ikkje føre til å nytte det i si presteteneste. Når den gamaltestamentlege disiplinen sviktar si serlege teologiske uppgåve, vil det naudsynleg få fylgjor i dei andre teologiske disiplinane, og dermed tilsist i den aktuelle forkynning i kyrkjelyden. At den gamaltestamentlege teologien har svikta i det umfang og i den grad som tilfelle har vore i dei siste halv hundrad år, har vore til urekneleg skade for det kristelege og kyrkjelege livet. Den gamaltestamentlege disiplinen har ikkje berre fylgt *med* i den ålmenne sekularisering av teologien i denne tida, men har som det vart sagt på den fyrste tyske «Theologentag» i Eisenach 1927 drive det enno lenger enn den nytestamentlege i «profanisering av dei gamle openberringsvitnemål».[1])

Den reint humanistisk-idealistiske synsmåten i den moderne gamaltestamentlege vitskapen, kom til å undergrava vyrdnaden for

[1]) *W. Staerk:* Die Bedeutung der dialektischen Theologie für die Wissenschaft vom A. T. Allgem. ev.-luth. Kirchenzeitung 1927, p. 1212 ff.

Det gamle testamente i medvitet hjå almenta. *Mot* si meining kom granskarane til å gjeva våpen åt dei mange skynlause og beiske åtak som er gjort på G. T. i striden for å få det burt frå Bibelen og ut or kyrkja, skulane og heimane. Det er tydeleg at kampanjen mot Det gamle testamente får si vigtigaste slagkraft og sin breiddeverknad frå det umstende at åtaksmennene meiner dei kan stydja seg til resultata av den gamaltestamentlege granskinga. Det vert beint fram hevda at den moderne gamaltestamentlege vitskapen har gjort det av med G. T. sitt religiøse verd for notida.[1]) Det er då eit slag i andletet på dei granskarar som har pretendera å kunne få dei religiøse verdiar i G. T. til å lyse for moderne menneske.

Slik tyding og slikt bruk av det storfelte granskararbeid, stikk i strid med granskarane sin ålvorlege intensjon, var sjølvsagt ikkje mogeleg, dersom ikkje denne granskinga hadde gjort seg skuldig i ei kapital misvising, ei total misråking av det centrale i si uppgåve. Den religionshistoriske skulen dei kallar, hadde mest drive med samanliknande mytologi. Det galdt då å koma *attanum* dei gamaltestamentlege tekstene. Hovudinteressa kom til å liggja på forhistoria åt det literære stoff. Etter kvart såg granskarane i den gamaltestamentlege yverleveringa mest ikkje anna enn rester av babyloniske mytor, spor av egyptiske eventyr, kana'anitiske kultsagn, kjempesegner og legendor. Kittel har karakterisera situasjonen soleis: Me var nær ved å løyse upp den gamaltestamentlege religionen i mytor, og soga i segner og eventyr.

Det er då ikkje til å undrast yver at den store folkmengdi som i Tyskland samlar seg under hake-krossen reiser spursmålet: Kvifor iallverdi skal me stappe borni våre med desse *jødiske* segner og eventyr? Kvifor skal me skjemme ut vår gjæve germanske ånd med desse fablane, som er so gjenomsyra av den utkropne sløgleiken som stødt har sermerkt den jødiske rasen, cfr. forteljingane om Jakob og Laban. Nei, lat oss nytte våre eigne *germanske* segner og eventyr i religionsupplæringa! Kva har denne jødeboka å gjera i våre skular og heimar?

Meir støkk gav det i granskarane då dei såg korleis jamvel ein vitskapsmann som assyriologen Friedrich Delitzsch so skynlaust

[1]) Sml. A. Weiser: Die Bedeutung des alten Testaments für den Religionsunterricht, Giezen 1925, s. 6. W. freistar syne at det ikkje er tilfelle.

og skammeleg kunde nytte ut den historisk-kritiske granskinga til eit avstyggjeleg åtak på G. T.[1]) Delitzsch fører fram heile Det gamle testamente som eit samansurium av falske utgreidingar, villeidande umarbeidingar, frie uppdiktingar, segner og eventyr, «Kurzum ein Buch voll absichtlicher und unabsichtlicher Taüschungen.[2]) Og dette skulde gjelda for å vera Guds ord! Jubelen stod høgt i taket hjå antisemitistane og i dei religionsfiendtlege krinsane. Men åtaket kalla og fram ein veldig protest frå gamaltestamentlege granskarar i *alle læger*. Liberale og konservative, protestantar og katolikkar greip til pennen. Sellin fann ut at det var den gamle verbal-inspirasjonsteorien som skrymta i hovudet på Delitzsch. Denne skrymsla hadde uroa honom og valde honom angest. So vilde han slå henne daud med sine gift-våpen.[3]) Gunkel skulda på dei konservative granskarane: «Männer wie König werden immer das Auftreten von Männern wie Delitzsch nach sich ziehen.»[4]) Men Delitzsch har sjølv i skriftet sitt gjeve klår vitring um kva det er for ei granskarleid han kjenner seg i samband med og styd seg til.[5])

Difor torde Martin Kegel ha meire rett. Han har skrive Delitzschs tol[e]doth med desse ord: «Hegel zeugte Vatke, Vatke zeugte Wellhausen, Wellhausen zeugte Friedrich Delitzsch.»[6])

Vel hadde Delitzsch på mange punkt mistydd og misbruka den moderne gamaltestamentlege vitskapen, men so mykje torde verket hans gjera klårt: Ein gamaltestamentleg teologi som har forsømt å peike på og arbeide ut det sermerkte ved den gamaltestamentlege religionen som ei fyrebuing for *Kristus* og for kristendomen som den absolutte religion, har ikkje noko verkeleg avgjerande å møte slike åtak med. Delitzsch sitt skrift har nok verka med til å opne augo på sume teologar med umsyn til dette. Saman med dei mange andre åtak frå humanistisk-heidenske og nasjonal-religiøse krinsar har det tvinga kyrkja og teologane til å taka si praktiske og prinsipielle stoda til Det gamle testamente upp til ny ettertenkjing.

---

[1]) Friedrich Delitzsch: Die grosse Täuschung I, 1920, II, 1921. [2]) Op. cit. II, Neuausgabe 1922, s. 52 f. [3]) Theologie der Gegenwart 1921, s. 94 f. [4]) Literaturblatt der Frankfurter Zeitung 1920, nr. 19. Kfr. König: Moderne Vergewaltigung des alten Testaments, 1921, s. 32. [5]) Die grosse Täuschung, I, Neuausgabe 1921, s. 5 f., s. 9 og fl. st. [6]) Kegel: Los von Wellhausen! Gütersloh 1923.

I samanheng med dei store brigde i den ålmenne åndshistoriske situasjonen under og etter verdskrigen, har det og gjenge føre seg noko av eit umbrøyte på den gamaltestamentlege teologien sitt umkverve. Det nye har likevel ikkje gjort seg so mykje gjeldande enno her som i andre greiner av teologien. Men det er ikkje tvil om at verdfulle teologiske synsmåtar no held på å arbeide seg fram. Ein ser det serleg hjå dei yngre og yngste vitskapsmenn, men heller ikkje merkesmennene for den religionshistoriske granskarstemna er utan kjenning med umslaget.

At Hugo Gressmann ogso i sitt *vitskaplege* syn på G. T. var komen ut yver den reint immanent-idealistiske tankegangen, ser eg eit prov på i ei av dei siste literaturmeldingar frå hans hand.[1]) Han hevdar der at vedkomande forfattar saknar skyn for dei religiøse kraftene i jødedomen, av di han ikkje vil gå med på at metafysiske krafter har vore verksame. I denne samanheng kan ein minne om den personlege vedkjenning Gressmann gav ord for i ein artikkel som vart prenta etter han var avliden. Han sa frå at han personleg heldt kristendomen — og det slik som den møtte honom i Lutherdomen — for å vera den absolutte religion.[2])

Hermann Gunkel gav i 1921 ord for sin fulle tilslutnad til Kittels syn på den gamaltestamentlege religionen som reidskapen i Guds hand til å føre fram den absolutte religionen — kristendomen.[3]) Rett nok meiner han at det er granskarane i dei hine læger som no har svinga so mykje i sitt syn, at flokkane kan semjast med kvarandre i fred og full forståing. Men Kittel neittar heilt at det har gjenge fyre seg noko brigde i den teologisk-vitskaplege stoda på *hans* sida.[4]) Og han hevdar at det enno er visse prinsipielle skil. Han viser til det openberringsumgrip han har halde fram i sitt vitskaplege arbeid. Ein lyt og medgjeva at Kittel har rett når ein ser på det syn som har bore *granskinga* på dei to sidone til dessar. Ein skal leite med ljos og lykt både i det teologisk-vitskaplege

[1]) Zeitschrift f. d. altt. Wiss. 1926, 299. [2]) H. Gressmann: «Die evangelisch-theologische Wissenschaft über das alte Testament» i «Das evangelische Deutschland» 1927, nr. 19. Sml. Z. A. W. 1927, s. IV og s. XIX. Men ser ein på samanhengen i utgreidinga, syner det seg at Gressmann ikkje har målbore nokon kvalitativ skilnad millom bibelsk openberringsreligion og annan religion, «eine Absolutheit des Christentums kann man nur behaupten wenn man an die Absolutheit der Religion glaubt. Darum ist es selbstverständlich dass man auch in anderen Religionen Gottes Wort hört». «Das ev. Deutschland», nr. 19, p. 146. [3]) Chr. Welt. 1922, p. 65. [4]) Chr. Welt. 1922, p. 323 f.

programmet[1]) åt den religionshistoriske skulen og i produksjonen hans, skal ein finne likt til at det vert gjeve rom og rett for ei gudsopenberring — i reideleg tyding — slik som det vert gjort hjå Kittel.[2]) Det torde og vera i dei aller siste åra dei her har lært å tala um «absolutt religion».

Det er utan vidare klårt at synet på openberringa i Jesus Kristus og den prinsipielle stoda til det apostolisk-nytestamentlege openberringsvitnemålet fær djuptgåande innverknad på synet på den gamaltestamentlege gudsopenberringa. Det torde difor ha mykje verd at det no av vitskapsmenn som sjølv syner full skynsemd for gagnsverki åt den religionshistoriske skulen, vert sanna at systematikken åt denne skulen ikkje alltid har ydt rettferd mot kristendommen sin serhått, slik som den evangeliske reformasjonen har forstade kristendomen.[3]) I ei melding av K. Cramer si teologiske tolking av Amos-profetien, vedgår O. Eissfeldt at det har vore noko i den relativiserande granskinga i dei seinare ti-år, som har stengt tilgjenge til det absolutte som bryt fram i den gamaltestamentlege profetien.[4]) Men er dette so, då må me og segja at den moderne gamaltestamentlege granskinga ikkje har ydt kyrkja den tenesta ho har rett til å vente av ein teologisk arbeidsgrein.

Kor som er: Det immanent-evolusjonistiske grunnsynet som fjetra teologane og maktstal kyrkja er no *brote*. Den gamaltestamentlege teologien har med dette vunne att den fyrste og avgjerande fyresetnaden for å kunne tene kyrkja med å lette tilgjenget til den bodskapen *frå Gud*, som kristenlyden er viss um å eige i G. T.

Kritikken frå kriseteologien har vore fruktberande på ymse vis. Det er vorte meir syn for openberringsrøyndomen i Det gamle Testamente. Det vert kanna at det er *den* det i siste steget gjeld um.

I positiv leid verkar og den empirisk-fenomenologiske granskinga hjå den gudlegdomshistoriske arbeidsstemna.[5]) Her kjem

---

[1]) Sjå t. d. utgreidinga av Gunkel i Deutsche Literaturzeitung, 1904, p. 1100 ff. [2]) Sjå t. d. hans Geschichte d. Volkes Israel[3] 1916, s. 595, 5—6. utg. 1923, s. 394 um utspringet til den vissa Moses hadde um Gud: «so hatte er diese Gewissheit nicht aus seiner Zeit und nicht aus sich selbst — er hatte sie aus unmittelbarem Kundwerden dieses Gottes. [3]) Otto Eissfeldt i R. G. G.[2] IV, p. 1904. [4]) Theologische Literaturzeitung 1931, p. 125. [5]) Sml. Tidsskr. f. teol. og Kirke 1931, s. 112 f.

dei røynde-ting G. T. vitnar um, betre fram i sin indre samanheng med kvarandre og med sin åndelege vokstergrunn. Og det ekte religiøse i det gamaltestamentlege trudoms- og tankeliv vert ikkje lenger skuva til sides eller tilmåta og tiltukla etter moderne syn på verdi som det jamt har vore tilfelle. Og mykje av det den eldre konservative teologi har ydt, kjem her til meire vyrdnad. Denne gransking viser og ut over seg sjølv til dei teologiske problem som er gjevne med den sermerkte gudsvissa i Det gamle testamente og med dette sitt eige krav um å bera bod um ein «revelatio specialis».

Det er eit tidarteikn at det einaste spesielle organ for gamaltestamentleg gransking «Zeitschrift für die alttestamentliche Wissenschaft» etter sitt noverande program «auch die Fühlung mit der theologischen Wissenschaft und dem religiös-kirchlichen Leben der Gegenwart suchen und aufrecht erhalten soll». Det er eit utslag av den ålmenne teologisk-kyrkjelege orientering i vår tid. Ser-utgreidingar som etter problemstilling og metode er av strengt fagvitskapleg natur, ser ein no vert førde ut soleis at dei skal kunne tene det praktiske kristenliv. Johannes Hempel, professor i Göttingen og redaktør av Z. A. W., segjer i fyreordet til si mykje verdfulle bok: «Gott und Mensch im A. T.» 1926: Sosant me trur på eit ålment prestedøme av alle truande, har me teologar til plikt å setja fram bodskapen um Gud soleis i menneskelege ord, at kvar ein som for ålvor vil vera kristen, kan skyna det. Fær dette synet slå igjenom, vil det få mykje å segja for det kristelege og kyrkjelege bruk av G. T. At eit slikt praktisk sikte ikkje fører med seg noka krenkjing av disiplinane sin vitskaplege karakter, skulde vel og dei gamaltestamentlege teologane ha kanna.[1])

Ein mykje viktig fyresetnad for at den gamaltestamentlege teologien skal kunne tene kristenlyden med sitt arbeid, er at han syner samanhengen millom openberringsinnhaldet i den gamle og den nye pakt. Eller at han iminsto byd fram stoffet sitt soleis at dei andre teologiske disiplinane vert føre til å finne samanhengen eller skilnaden på dei ymse umkverve.

---

[1]) Filosofen Leo Schestow segjer: «Einen wirklichen Empirismus hat es unter den Wissenschaftlern nie gegeben. . . . Welcher Gelehrte würde Tatsachen um der Tatsachen willen untersuchen?» Logos 1931. Bd. XX, s. 22.

Ogso på dette punkt er stoda idag ei anna enn fyrr. Samanhengen millom Det gamle og Det nye testamente vert no av sume gjort gjeldande med slik kraft at det beint fram har gjort stoda kritisk for den vanlege historisk-kritiske eksegesen. K. Cramer har i si bok um Amos hevda at den einaste rette kommentaren til Amos (m. u. t. utveljingstanken) er gjeve i Efeserbrevet. Romarbrevet 9—11 syner at Paulus har forstade tankane åt Amos og *korleis* han har forstade honom.[1]) «So muss nicht nur Paulus vom A. T. her verstanden werden, auch das Verständnis des A. T. kann m. E. vom N. T. her sehr gefördert werden, weil hier sich erst alles voll auswirken kann, was im A. T. hoffend und glaubend ausgesprochen war.»[2])

W. Vischer har kome med eit arbeid yver ebed-Jahwe-problemet der han vågar tala om Kristi nærvere fyrr han vart menneske, og reknar med Bibelen med dei ymse bøkene i den som ein einskap, der kvart einskild stykke er med um å fastleggja meininga i det andre.[3]) Hempel finn at også Procksch sin kommentar til Jesaja[4]) kallar fram spursmålet um N. T. som den autentiske interpret av G. T. Procksch finn i Immanuel-profetien Jes 7, 10 ff. «eine messianische Weissagung erster Ordnung», «der Immanuel ist wirklich ein Wunderkind von wunderbarer Geburt». Og Matteus «hebt sich (Mt 1, 23) als Ausleger turmhoch über das Gewirr der Meinungen empor, wenn er die Immanuelsweissagung in Jesus erfüllt sieht».[5])

Utgjevaren av Z. A. W. ser i denne vendinga det skarpaste uttrykk for den noverande krisa i den gamaltestamentlege vitskapen. Han ser stoda so: Anten må den vanlege historisk-kritiske eksegesen betre kunne prove sin teologiske rett, eller og må ein gjeva han upp for ein reint dogmatisk eksegese.

Utan her å dryfte rett eller rangt i dei nye synsmåtane, vil me berre peike på det lovande i dette at høvet millom den gamaltestamentlege andsrøyndomen og den uttyding og uppfylling som Det nye testamente gjev han, atter er vorte eit brennande spursmål for den gamaltestamentlege granskinga.

I pakt med den ålmenne vending i tida burt frå historisk-genetisk

---

[1]) K. Cramer: Amos, Versuch einer theologischen Interpretation 1930, s. 135. [2]) Op. cit., s. 136. [3]) Sjå Hempels Chronik i Z. A. W. 1931, s. 150 ff. [4]) O. Procksch: Jesaja I. Lpz. 1930. [Kommentar z. A. T. herausg. v. E. Sellin. Bd. IX.] [5]) Op. cit., s. 124 f.

tankegang til systematisk og normativt orientert tenkjing, har det vakna trong til å vinne klårleik yver den gamaltestamentlege religionen med umsyn til hans indre struktur, innhald og grunnhått. Denne trongen kan dei religionshistoriske framføringane ikkje stette. Det vert bruk for systematiske framføringar. Den gamaltestamentlege *bibelteologien* fær rom og rett ved sida av den gamaltestamentlege religionssoga. Menn som Steuernagel, Staerk, Eissfeldt og Eichrodt m. fl. har teke til ords for ein gamaltestamentleg bibelteologi som sjølvstendig disiplin.[1]) Dei ser elles ikkje litet ulikt på uppgåva og metoden åt disiplinen. Av serleg interesse frå vår synsstad er det grunnsynet som kjem fram i W. Eichrodt sitt innleidingsfyredrag på orientalistkongressen i Bonn 1928[2]): «Wie die historische Forschung auf allen wissenschaftlichen Teilgebieten es in immer steigender Klarheit erkennt, dass zu den wichtigsten Voraussetzungen einer erfolgreichen Arbeit die fruchtbare Wechselbeziehung zwischen Philosophie und empirischer Einzelwissenschaft gehört, so muss sich die theologische Behandlung der Geschichte darüber klar werden, dass sie nicht anders als von einer überempirischen Grundvoraussetzung aus, nämlich von dem an der Offenbarungswirklichkeit des N. T. gewonnenen Blickpunkt aus zur Sinnhaftigkeit der A. T.lichen Geschichte vordringen kann.»

Fær me ein gamaltestamentleg teologi etter dette grunnsynet, vil dei ymse moment i den gamaltestamentlege openberringsrøyndom kunne koma til å lyse for oss i organisk samanheng med den bibelske openberring sitt centrum Jesus Kristus. Og dei som fyrebur seg til prestetenesta, vil få verdfull hjelp til å kunne nytte det gamaltestamentlege openberringsvitnemålet, når dei skal utøva sitt ministerium verbi.

Men ein kan lett koma til å setja for store voner til dei nærverande preludier. Dei som arbeider med den gamaltestamentlege openberringssoga ut frå *teologisk*-vitskaplege grunnfyresetnader,

[1]) Steuernagel: Alttestamentliche Theologie und alttest. Religionsgeschichte. Vom alten Testament, Beiheft z. Z. A. W. Nr. 41, 1925, s. 266 ff. Staerk: Religionsgeschichte und Religionsphilosophie in ihrer Bedeutung für die biblische Theologie des A. T. Zeitschrift f. Theologie u. Kirche 1923/24, s. 289 ff. Eissfeldt: Israelitisch-jüdische Religionsgeschichte u. alttestamentliche Theologie. Z. A. W. 44. 1926, s. 1 ff. [2]) W. Eichrodt. Hat die alttestamentliche Theologie noch selbständige Bedeutung innerhalb der alttestamentlichen Wissenschaft? Z. A. W. 1929, s. 83 ff.

«von dem an der Offenbarungswirklichkeit des N. T. gewonnenen Blickpunkt aus» er enno liksom rari nantes in gurgite vasto.

Likevel torde det vera visst at den gamaltestamentlege granskinga idag gjenomgåande kjenner si uppgåve og sitt ansvar som teologisk arbeidsgrein sterkare enn på lenge, og at ho ved å gjeva rom og rett åt *teologiske* fyresetnader og synsmåtar, truleg vert før til å tene det praktisk-kristelege bruk av G. T. betre enn fyrr.

Kristenlyden sitt bruk av G. T. som Guds ord står og fell ikkje med den teologiske vinn som blæs. Vissa um å eige ein bodskap frå Gud i G. T. er fødd ut av den røynsla kristenlyden gjer kvar dag: Ordet fører den grannhøyrde sjel beinveges inn for Guds andlet. Det er heilt den same røynsla som Jesus og apostlane gjorde. Gjenom dei heilage skriftene fall det for Jesus ljos frå Gud yver Messiaskallet hans og yver lidingsvegen han skulde gå. Og apostlane fann i dei heilage skriftene grunndraga i den same gudsrøyndom som dei hadde møtt i Jesus Kristus. Ved den Heilage Ånds rettleiding samla det heile seg i eit vitnemål um han dei hadde kanna som sin herre og frelsar. Hjå dei som hjå oss høyrer vissa um det gamaltestamentlege openberringsvitnemålet organisk saman med trua på Jesus Kristus sjølv, han som er Messias, den levande Guds son. På denne vedkjenning er kyrkja bygd med det tilsagn frå Herren: «Helheimsportane skal ikkje vinne yver henne!»

Med denne understreking av kristenlyden sitt prinsipielle sjølvstende i høvet til dei heilage skrifter og den einskilde kristne sitt beinveges tilgjenge til Ordet frå Gud i G. T. vil me sjølvsagt ikkje segja at kyrkja ikkje treng den hjelp til å trengje inn i dei gamaltestamentlege skrifter som den vitskaplege gransking kan gjeva. I kyrkja si fyrste tid trongst ikkje denne hjelp so mykje, då kristenlyden enno livde i kulturtilhøve som på mange vis hadde levande samanheng med den gamalorientalske kulturen. Dei skyna difor utan vidare so mykje av det som me no berre kan vinne forståing av gjenom historisk gransking. Di større fråstanden vert i tid, og di større skildnaden vert i språk og kultur-miljø, di meir bruk vert det for historisk-vitskapleg ljos yver G. T. Granskinga sidan Wellhausen har difor ikkje arbeid til fånyttes, trass i hennar profane karakter og teologiske misvising.

Den moderne granskinga har skjerpt synet for det sterke historisk-menneskjelege innslaget i dei gamaltestamentlege skriftene. Det har vore til hjelp for ei rettare forståing av mange historiske tilgangar og tilhøve og har dimed og ført til ei betre forståing av mange utsegner. Den historisk-kritiske granskinga har og vore med um å hjelpe fram eit syn på openberringsmidlinga og på høvet millom historie og openberring som samsvarar betre med dei heilage skriftene soleis som dei empirisk ligg fyre. Dei historisk-menneskelege brester som ligg fyre i den literære og historiske yverleveringa, vil ikkje uroa den teolog og forkynnar som har kanna den bibelske gudsopenberring sin historisk-organiske karakter. Dette at Gud gjev seg sjølv på den måten at han let sitt guddomlege liv gå inn i det historisk-menneskelege tilvere, utan å løyse berarane av dette liv ut or det miljø dei livde i, eller rive dei ut or det verdsbilete dei gjekk ut frå i si tenkjing.

Den som har fått auge for gudsopenberringa si pedagogiske utfalding og organiske samvokster med Israels historisk-menneskelege liv vil heller ikkje la seg vildre av det faktum at me i G. T. støyter på element som me ikkje maktar melte saman med den Kristus-røyndom som me møter i N. T.[1]) Det naturleg menneskelege og det nasjonalt jødiske kjem jamt so sterkt fram at det me les ikkje talar til oss som Guds ord.

Sjølvsagt lyt den einskilde vera mykje varsam fyrr han dømer og sjå til kyrkja si samla røynsle um kva Gud kann bruke til å lata menneskja høyre si levande røyst.[2]) Men me kan ikkje hevde det mekaniske inspirasjonsumgripet frå ortodoksien si tid, og heller ikkje den reformerte kyrkja sitt kanonumgrip.

Me må her fylgje Luther når han gjorde Kristus til mælestav og med den jamvel innanfor dei nytestamentlege skriftene skilde ut nokre som retteleg marg og kjerne. «Was Christum treibt» — det er jo ingen annan mælestav enn den Det nye testamente legg på Det gamle.

So lenge dei innanfor kyrkja stod i eit rett høve til det nytesta-

---

[1]) Det kan sjølvsagt òg ha sin grunn i brest i vår eigen kjennskap til den nytestamentlege Kristus. [2]) «Auf das *Ganze* der Geschichte des A. T. in der Kirche gesehen, wird es wenige Stücke geben, die sich nicht je und dann einmal als lebendig wirksame Gottesworte aufweisen lassen,» segjer Hempel i si historisk og teologisk djuptenkte bok: Altes Testament und Geschichte, Gütersloh 1930, s. 82.

mentlege Kristus-vitnemålet, vart det ikkje serlege vanskar med Det gamle testamente. Det fyrste åtaket på G. T. kom som kjent frå gnostikaren Marcion som hadde eit framant syn på Kristus og det høve han stod i til den Gud som openberra seg for jødane. Det botnar i noko av det same når dei liberale sin store førar Adolf Harnack i si bok um Markion 1921 tok til orde for at kristenlyden burde slutte med å ære G. T. som kanonisk skriftsamling og lata det gå same vegen som apokryfene. Millom det sokalla «liberale Jesus-bilete» og den gudsrøyndom som møter oss i dei gamaltestamentlege skriftene er det sovisst ikkje stor slektskapen.

Berre ein gamaltestamentleg teologi som har sitt orienteringspunkt i den Kristus som apostlane har vitna um og som kristenlyden frå deira dagar har trudd på, kan løyse den teologiske uppgåva som G. T. stiller kvar ny ettled. Og berre ein slik teologi vil kunne føre kristenlyden fram til forståing av den gamaltestamentlege gudsopenberring sin fyrebuande karakter og av Det gamle testamente sitt underordna verd i høve til Det nye, og *samstundes* opne vegen til dei evige skattar som Gud har gjeve ogso oss i dei heilage skrifter frå den gamle pakt.

Eit arbeid som t. d. Gunkels kommentar til Genesis med hans æstetisk-folkloriske handsaming av einskild-forteljingane syner oss mange rett menneskelege sidor ved personane i yverleveringa. Det vert klårt at dei kjære patriarkar slet ikkje dug til å vera sedelege fyrebilete for oss. Dei held ikkje mål som etiske personlegdomar. Når so moderne kulturmenneske fær sjå dei i dette ljos, forargar dei seg veldig yver at Gud likevel kjennest ved dei, og særleg støyter dei seg yver at Gud tek seg av Jakob som hadde svike både sin far og sin bror og so tydeleg legg sin jødiske geschäftsånd for dagen med all slag lurendreieri i Laban si teneste. So gyv dei på med sine åtak i presse og i bøker.

Men den som har fått sjå dei gamle skriftene i ljoset av den nytestamentlege openberringsrøyndomen, let seg ikkje vildre av desse åtak. Han ser at det er det naturlege menneske sitt syn som ligg til grunn for dei. Den sjølvgode fariseartru at Gud er slik at han skal og må signe den som har gjort seg fortent til det og vrake den uverdige. Guds ord og den kristelege røynsle lærer noko anna um Gud. Sml. Rom 9—11. I Kristus bøygjer Gud seg ned til den

uverdige og fortapte og tek han til nåde av berre miskund. Det er grunnlaget for den kristne sitt eige liv med Gud og i det ljos forstår han at Gud kunde kjennest ved patriarkane trass i deira synd og brest og upptukte dei til å tene sin frelsesplan.[1])

Abraham er ikkje stamfar til den sekt av menneske som liver av at dei er betre enn andre, segjer W. Vischer, men til dei som «trur på han som gjer den ugudelege rettferdig.» Rom 4, 5.

Soleis vert den gamaltestamentlege yverleveringa for den som trur på Kristus, eit openberringsvitnemål som lærer honom *Guds* hjartelag å kjenne og syner honom *Guds* tankar og vegar.

Ein teologisk utdana forkynnar skulde ha fyresetnader for å nytte ut dei rikdomar Gud har gjeve oss i G. T. i rikare mun enn ein lækmann. Det *sereigne* Gud har vilja gjeva kristenlyden gjenom G. T. kjem vanskeleg til sin rett i lækmannspreika. Men skal den geistlege forkynninga løyse si uppgåve her, må det verta gjort meire bruk av gamaltestamentlege tekster. Og dei krev jamt eit rett stort fyrebuingsarbeid. Det gjeld at ein ikkje bryt med det homiletiske grunnkravet at den homiletiske interpretasjon må kvile på historisk-grammatisk eksegese. Berre på det grunnlaget kan ein få tak på det sereigne åndsinnhald som dei ymse tekster gøymer i seg. Ved dinæst å setja teksta sine tankar i samanheng med dei guddomlege frelsestankar i det heile og med frelsesopenberringa sitt centrum, kan me finne fram til det Gud har å segja oss idag gjenom dette ordet. Den som vert uppteken av dette arbeid vert slegen av den åndelege struktur-likskap som der er millom det gudsliv som openberringsånden i den gamle pakt kalla fram, og det gudsliv som er født ut av den nye pakt sitt høve til Gud. Trass i all skilnad millom det fyrebuande og det fullendte stiget i frelsesoga, vil den truande møte liv av sitt eige nye liv og ånd av si eiga nye ånd i dei gamaltestamentlege skriftene, og han vil verta upprika og styrkt ved det. Det kjem ikkje frå innleggjing i G. T., men har sin grunn i den historisk-organiske samanheng som det er millom gudslyden i den gamle og den nye pakt. Det er eit og same guddomlege liv som har brote inn i vår verd og førd fram *ei* stor historisk samanhengande livsrørsle. Me er berre greiner på

[1]) Sml. Bachmann: Das A. T. als Bestandteil der Bibel der Christenheit. Ev.-Luth. Kirchenzeitung 1922, p. 821.

oljetreet. Det har sine røter i den gamle pakt. Me treng minnast Rom 11, 18: Det er ikkje du som ber rota, men rota som ber deg.

Det er dette som gjer at me med full sakleg rett kan ta dei gamaltestamentlege tekstene etter deira historisk-grammatiske tyding og lyfte deira åndsinnhald inn i samanheng med den nytestamentlege openberringsrøyndom, og soleis bera det fram til sjeleføda på det nytestamentlege plan av gudsliv.

Dette let seg ikkje gjera med ein assyrisk-babylonisk botssalme eller med ei buddhistisk tekst. For her vantar den indre organisk-historiske samanheng. Anten måtte ein leggja inn noko som er framandt for tekstene etter deira upphavelege meining, eller og måtte ein forflate kristendomen i ålmenreligiøs leid, um ein vilde freiste på å nytte slike religiøse tekster i si forkynning. Den kvalitative skildnad millom bibelsk og ikkje-bibelsk religiøs literatur vil ein ikkje so lett miskjenne når ein står framfor menneske som skrik i si sjel etter eit levande ord frå Gud.

